



Nokre av jubilentane klare for busstur for 2 år sidan.

Helga 8.-10.september arrangerer Uskedal sokneråd jubileumssamling for 50, 60 og 70 års-konfirmantane. Skriftlege innbydingar vart sendt ut før sommaren, og mange har alt meldt seg på. Dette er kjekt, og det vert ei svært vellukka samling. Vi sender no ut ei påminning om at ein framleis kan melda seg på slik at ein ikkje går glipp av dette.

For dei som har gløymt å senda påmelding i løpet av sommaren, kan ein framleis melda seg på til soknerådet v/Møyfrid Kristoffersen, mobil 906 06 517 eller epost moyfrid.kristoffersen@kvinnherad.kommune.no.

Det vert lagt opp til eit variert og godt program der ein kan delta på alt eller deler av det. Det heile startar med temakveld i Uskedal kyrkje fredag 8.09. kl.18. **(Merk tidspunktet. Det stod kl.19 i innbyinga.)**. Her er konfirmantjubilantane spesielt inviterte, og det vert føredrag ved professor i retthistorie Jørn Øyrehagen Sunde, og temaet er «Fem tesar om reformasjonen sine verknadar på vårt samfunn». Føredraget og samtalen etterpå vert ramma inn med vakker song og musikk av ordførar Peder Sjo Slettebø på kyrkjeorgelet og sokneprest Lina Håland med den vakre songstemma si. Dette vert ein kveld som eg oppfordrar alle å få med seg. Erfaringar frå tidlegare temakvelder tilseier at det vil koma svært mange tilhøyrarar.

Påmeldinga gjeld laurdag og søndag. Laurdag vert det oppmøte med Grano kl.15, og då vert det interessann bygdevandring med buss der ein av konfirmantjubilantane Kristian Bringedal vert guide. Desse turane har vore ein suksess på tidlegare jubileum. Likevel seier Bringedal at det kan verta litt ny vri i år, men ein ting er sikkert. Det er at det vert sett av god tid til kaffi, kaker og god drøs og mimring.

Søndag er det gudsteneste kl.11 i Uskedal kyrkje. Som vanleg er det sokneprest Lina Håland som har preika og vår utmerka kantor Eva Megyesi som sit på orgelkrakken. Det vert presentasjon av det nye konfirmantkullet, dåp og andre innslag. Det vert ei retteleg festgudsteneste med jubilantane som inviterte gjester. Etter gudstenesta vert samling med jubileumsmiddag på Oska. Dei som ikkje har ete middag der før, har verkeleg noko å glede seg til, for kokken Roy Lervåg er ein skikkeleg tryllekunstnar med mat.

Dette vert nok ei minnerik helg. Gå ikkje glipp av den, så hugs påmelding!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Lars Wang